

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Fylkeseldrerådet mottok brev frå Bergen eldreråd 3. januar 2018: «Ansvarsfraskrivelse i eldreomsorgen». AU vil utforma eit brev til Bergen kommune v/byrådsleder Harald Schjelderup med kopi til Bergen eldreråd der ein peikar på fylkeseldrerådet si bekymring på innhaldet i mottatt brev.

Inger Sjong er blitt informert om at Skyss sine anbod på bussar/servicelinjer går ut 2019. Sekretariatet vil ta kontakt med Skyss og spørje om tidspunkt for anbod for neste tildelingsperiode.

Inger Sjong tok opp sak som har vore i media i det siste vedrørande reduksjon av gratis tannbehandling for prioriterte grupper.

Sekretariatet tar kontakt med leiar av Tannlegeforeningen i Bergen, Karen Reinholtsen med førespurnad om orientering på rådsmøte etter påske angående reduksjonen av gratis tannbehandling for prioriterte grupper (psyk. sjuke, kronikarar osb). Tannhelse og generell helse er to sider av same sak. Tannhelse må bli eit velferdstiltak på linje med lege og sjukehus.

Tore Svendsen tok opp sak om at mammografibussen i Nordhordland er nedlagt og at mammografiundersøkelse vert avslutta ved fylte 69 år, mens det i Europa (EU?) skjer utvidelse av aldersgrensa opp til 75 år.

Inger Lingjerde vil ta dette opp i brukarutvalet Helse Bergen på møte i februar og melde tilbake til fylkeseldrerådet.